

Fossum-film – italiensk perle

FILM

La ragazza del lago

(Italia 2007)
Regi: Andrea Molaioli
Manus: Sandro Petraglia etter Karin Fossums roman «Se deg ikke tilbake»
Med: Toni Servillo, Fabrizio Gifuni, Valeria Golino
Lengde: 1 t. 31 min.

melding


★★★★★

Så god kan ein Karin Fossum-film bli!

«La ragazza del lago» («Jenta ved sjøen») fekk heile ti prisar under den nasjonale David-filmfesten i Italia i fjor. Filmen er ikkje i ordinær kinodistribusjon i Noreg, men regissør Andrea Molaioli vitjar Oslo i kveld for å presentere filmen som er ei filmatisering av Karin Fossums «Se deg ikke tilbake», ein kriminalroman i serien om Konrad Sejer. Forteljinga er lagt til Italia og etterforskarer har fått namnet Sanzio.

«Se deg ikke tilbake» har hatt godt av utanlandsopphelet. «La ragazza del lago» hevar seg som sjølvstendig film høgt over dei mange norske filmatiseringane av Fossums bøker. Ikkje minst NRKs standardiserte kriminalseriar om Konrad Sejer. Film og fjernsynsformata er sjølvstendig ikkje jamførbare, men Molaiolis film viser kva for eit potensial romanstoffet har som biletforteljing for det store lerretet.

Molaioli er debuterande regissør, men han har gått i ein god skule som assistent for Nanni Moretti («Kjære dagbok», «Sønnens rom»). Han viser ein klar ambisjon med stoffet og løfter kriminalhistoria opp på eit nivå der ho har allmennmenneskeleg verdi. Forteljinga byrjar med at ei småjente forsvinn. Ho blir med ein tilbakestående mann heim for å sjå på kaninar. Stemninga er urovekkjande, men jenta dukkar opp att uskadd.



ITALIAS SEJER: Toni Servillo

Episoden fører uventa til avdekkinga av mordet på ei ung kvinne, og prologen blir eit frampeik mot ei kompleks og vond forteljing om tilhøvet mellom foreldre og barn. Ansvar, kjærleik, hat, skuld blir tematisert i mange lag gjennom ulike foreldre-barn-parallellar heilt inn i Sanzios privatliv.

Filmen er berre halvannen time lang. Likevel tar han seg god tid med materialet. Med varsam usynkron bruk av lyd og bilete, blir hendingane effektivt formidla. Vakkert blir det også, som når politietterforskarane blir «inntona» både lydleg og visuelt på mordstaden. Det er den døde som ligg der som filmen sitt fokus, nett som menneskelagnadene er etterforskar Sanzios fokus. «La ragazza del lago» er full av slike nydelege, talande biletdigeringar. Saman med ein fåmælt dialog, der berre det absolutt naudsynte blir sagt, gjev den medita-

«Molaiolis film viser kva for eit potensial romanstoffet har»


tive biletforteljinga sjåaren tid til sjølv å reflektera over hendingane og rollene. Fotograf Ramiro Aisensons matt-grøne fargepalett er med på å skapa den viktige melankolske atmosfæren i filmen, som understrekar det nådeløst ufråvikelege og utåleleg tunge i menneskelagnadene vi bit for bit blir kjende med. Teho Teardos musikk er ikkje brukt til å måla kjensler bak bileta, men skapar både motiv som følgjer roller eller tema, og musikalske brot med bileta som gjev spaning og vendingar i forteljinga.

Alle verkemidla er subtilt nytta for å maksimera effekten av eit realistisk formspråk. Noko liknande kan ein seia om skodespelet. Toni Servillo (som har markert seg i to av dei viktigaste italienske filmene dei siste åra, «Gomorra» og «Il divo») spelar den gamle grunte og noko bitre politietterforskarer Sanzio. Eit rolleportrett der smånyansar i andletsuttrykk og røystebruk fortel mykje. Norske regissørar som gjerne vil filma litteratur har noko å lære av «La ragazza del lago».

Regissør Andrea Molaioli og forfatter Karin Fossum er til stades på Cinemateket i Oslo i kveld, der filmen blir vist. Han finst også på DVD med engelsk teksting.

Guri Kulås

guri.kulaas@klassekampen.no



JORDEN KALLER: Forskere har godt av kontakt med publikum, mener Harald Hornmoen ved Høgskolen i Oslo.

FOTO: MORTEN HOLM, SCANPIX

– Forskere må lytte

Vi trenger samtalepartnere, ikke orakler, sier Harald Hornmoen ved Høgskolen i Oslo. Han mener forskere må bli mer ærlige på hva de ikke kan.

KULTUR

Av Olav Brostrup Müller

– Forskingen trenger å ta hensyn til mer enn bare forskernes fornuft, sier Harald Hornmoen, førsteamanuensis ved journalistutdanningen ved Høgskolen i Oslo. Hornmoen har forsket på forholdet mellom forskning og offentlighet, og var en av panel deltakerne da Akademisk forum inviterte til debattmøte om forskerrollen, ved Universitetet i Oslo i går. Arrangementet hadde tittelen «Hold kjæft, drittforsker», og tema for debatten var forskerrollen i det offentlige rom.

Gammeldags syn

– Tilliten til vitenskap og forskningsrasjonalitet er veldig stor i Norge. Det som derimot mangler, er journalister som stiller spørsmål

ved forskernes egne interesser, motiver og integritet, mener Hornmoen. Hornmoen har tidligere angrepet både myndigheter og forskningsmiljøet for å ha en utdatert oppfatning av hvordan forskningens sannheter skal viderefremmes til et publikum.

– Den tradisjonelle ideen er at forskningen produserer noe objektivt godt og riktig, som deretter skal spres videre til de bredere lag. Dette er naivt og gammeldags, sier Harald Hornmoen.

– Bildet av vitenskapen som uholdt premissleverandør er en fortegnelse av virkeligheten. Vitenskapen eksisterer ikke for seg selv, men er isteden nødt til å legitimere seg overfor det samfunnet den er en del av og utgår fra. Vitenskapen tjener derfor på å være tydelig omkring premissene sine. På lang sikt vil den styrke sin troverdighet om den våger å være åpen om dens egne blindflekker, begrensninger og påvirkninger utenfra, mener Hornmoen.

Toveis kommunikasjon

Det er godt mulig at norsk forskning produserer perler, og at publikum stort sett består av svin.

Likevel mener Harald Hornmoen at forskningen sannsynligvis vil gå styrket ut av å oftere lytte mer til sitt, om enn tidvis noe uskolerte, publikum.

– Forskere er ofte opptatt av å nøyaktig beregne hvor stor risiko det er for at noe skal inntreffe. Folk flest er

FAKTA:

Forskere og offentligheten

■ Akademisk forum arrangerte i går debatten «Hold kjæft, drittforsker» på Universitetet i Oslo.

■ I panelet satt Kjell Lars Berge, Unni Wikan, Per Egil Hegge og Harald Hornmoen.

derimot ofte opptatt av å sette risikoen inn i en større sammenheng. Dette så vi da det gjaldt spørsmålet rundt kugalskap, hvilken helserisiko den egentlig utgjorde for vanlige forbrukere. Utenfor forskningsinstitusjonene var folk derimot opptatt av den moralske dimensjonen ved saken, altså hvordan det hadde seg at disse kyrene ikke hadde fått lov til å beite i naturen, men blitt føret med slakteavfall fra sauer.

– Er det forskerne som har plassert seg selv i elfenbeinstårnet, eller er det media som har skylden?

– Det har utviklet seg et symbiotisk forhold mellom journalistikk og forskning. Tilgangen til mediene sikrer forskningen oppmerksomhet, goodwill og til slutt bevilgninger, mens journalistikken på sin side er avhengig av å gi sine egne oppslag legitimitet som sannferdig virkelighetsbeskrivelse ved å benytte forskere som kilde. Dermed blir mediene indirekte avhengig av å fortsette med å dyrke bildet av den uhildede, objektive forskeren. Sånn sett er dette feltet fullt av paradokser, sier Hornmoen.

olav.brostrup@klassekampen.no